



SELJE KOMMUNE
Formannskapet

Møtebok

Møtedato: 11.05.2015

Møtetid: Kl. 13:00 – 15:30

Møtested: Kommunehuset, 3. etg.

Saksnr.: 035/15 - 039/15

Følgjande medlemmer møtte

TP: Ottar Nygård (ordfører). SP: Gunn Sande. UAVH: Torill Sande.

FRP: Svein Hansen, Anne Lise Drage. KRF: Raymond Myren. H: Kenneth Brandal.

Følgjande medlemmer møtte ikkje

Følgjande varamedlemmer møtte

Følgjande frå administrasjonen møtte

Økonomisjef Geir Kvisten. Rådmann Ørnulf Lillestøl førte møteboka.

Plan og utvikling v/Kristian Nave møtte under referatsak nr. 2 og 3.

Oppvekst v/Berit Olin Wåge møtte under referatsak nr. 4.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

7 voterande

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
035/15	Godkjenning av møtebok
036/15	Delegasjonssaker
037/15	Referatsaker
038/15	TV-aksjonen 2015 - Regnskogfondet
039/15	Busetting av flyktningar med bakgrunn i dagens flyktningkrise

Tilleggsaker: Ingen

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.05.2015	035/15

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 15/285
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 15.04.15 vert godkjent slik den ligg føre.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
05.05.2015	Møtebok FS 15.04.15.pdf	65687

Handsaming i Formannskapet - 11.05.2015

7 voterande

FS-035/15 VEDTAK

Møteboka frå møte 15.04.15 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.05.2015	036/15

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 15/283
---	----------------------	-----------------------------

Delegasjonssaker

DFS. 006/15: Gbnr.91/1 - Delingssak - Festetomt til garasje - Ole Gangeskar

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 11.05.2015

7 voterande

FS-036/15 VEDTAK

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.05.2015	037/15

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 15/284
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	15/1850	I	20.04.2015	Trygg 24	Kontrollar 18.04.15 - Sal av alkohol

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 11.05.2015

7 voterande

Tilleggsreferat:

2. Svein Hansen: vedk. Sak FS 025/15 «Gbnr. 46/4 Delingssak – Grunneigedom – Birgit Hoddevik»
3. FRP v/Svein Hansen: Brev, dat. 08.05.15 vedk. Bygge- og deleforbud
4. Raymond Myren: Spørsmål vedk. barnehagen på Stadt.:
5. Rådmann: Svar til FRP - pkt. 3 og 7 i interpellasjon til ordførar, dat. 08.04.15.
6. Vernepleietenesta v/Liv Wenche Sjøthun - Ny «tung» brukar – økonomisk utfordring
7. Gunn Sande:
Spørsmål vedk. vedtak i KS sak 021/15»Stad skipstunnel - Bruk av tunnelmasse».
Spørsmål vedk. gamle kommunehuset.

FS-037/15 VEDTAK

1. Teke til vitande.
2. Formannskapet vil ha synfaring i forkant av møtet når saka skal handsamast.
3. Administrasjonen orienterte om kva praksis ein vil legge seg på i tida framover.
Det vert ikkje gitt løyve til tiltak i strandsona no framover.. Viser til plan for framdrift i Stad Skipstunnel og bruk av massane.
4. Administrasjonen orienterte om plass, plassbehov osv. ved barnehagen.
5. Rådmann gav skriftleg svar, dat. 11.05.15 på interpellasjon frå FRP – pkt. 3 og 7
6. Rådmann orienterte om saka.
7. Rådmann og økonomisjef orienterte om sakene.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.05.2015	038/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ottar Nygård	FE-036	15/169

TV-aksjonen 2015 - Regnskogfondet

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	28.04.2015	Tv-aksjonen Regnskogfondet	Oppmoding om oppretting av kommunekomite i samband med TV-aksjonen 2015

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
04.05.2015	VS: Oppmoding om oppretting av kommunekomite i samband med TV-aksjonen 2015	65614
04.05.2015	REGISTRERINGSSKJEMA FOR KK_2015.doc	65617

Saka gjeld

Søndag 18. oktober skal det arrangerast innsamlingsaksjon. TV-aksjonen NRK 2015 går i år til Regnskogfondet. Det vert i år satsa på å samle inn midlar for å bevare nokre av verdas største, samanhengande regnskogar i Peru, Brasil, DR Kongo og på øya Ny-Guinea. Desse områda er større enn Norge og Danmark til saman. Selje kommune er bedt om å opprette kommunekomite i høve aksjonen.

Opplysningar til saka

Verdas regnskogar er under eit enormt press og kvart minutt forsvinn store regnskogområde for alltid. Regnskogen forsyner verda med mat, vatn, medisinar og bidreg til å regulere klimaet på kloda. Den er dessutan heimen til om lag 260 mill menneske. Dei vert drivne ut i fattigdom om skogane vert rasert. Ved å bevare regnskogane, bevarer vi og eit biologisk skattekamer som rommar 50 – 80 % av landjordas artar.

Sakshandsamar si vurdering

Alle kommunane i landet samlar seg årleg om den dugnaden og dei føremåla TV-aksjonen utgjer. Selje kommune har også gode tradisjonar på dette.

Konklusjon

Selje kommune opprettar kommunekomite for TV-aksjonen NRK 2015.
Formannskapet er kommunen sin komite med ordførar som leiar.

Saksgang

Formannskapet avgjer saka.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune opprettar kommunekomite for TV-aksjonen NRK 2015.
Formannskapet er kommunen sin komite med ordførar som leiar.

Handsaming i Formannskapet - 11.05.2015

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-038/15 VEDTAK

Selje kommune opprettar kommunekomite for TV-aksjonen NRK 2015.
Formannskapet er kommunen sin komite med ordførar som leiar.

Samrøystes.

Utskrift til:

Medlemmar Formannskapet

Fylkesaksjonsleiar i Sogn og Fjordane Kristin Sandal



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.05.2015	039/15
Kommunestyret	15.06.2015	

Sakshandsamar Svein Barmen	Arkiv FA-F30	Arkivsak 15/179
-------------------------------	-----------------	--------------------

Busetting av flyktningar med bakgrunn i dagens flyktningkrise

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
3	I	28.04.2015	KS	Busetning av flyktningar 2015
5	I	08.05.2015	Amnesty International Norge - Region vest	Dugnad for flyktninger fra Syria - Hva vil din kommune gjøre?

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
05.05.2015	151387 (L)(326957) (L)(326961).pdf	65315
05.05.2015	Bosetting syrere (L)(326699) (L)(326963).pdf	65317

Saka gjeld

Oppmoding til ordføreren om å ta imot og busetje ekstra kvoteflyktningar i samband med dagens flyktningkrise.

Opplysningar til saka

Oppmodinga kjem frå Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet og inneber for Selje sin del å ta imot 7 ekstra flyktningar i 2015 og 4 ekstra i 2016.

KS skriv i følgeskriv dat. 28.04.2015:

KS anbefaler at kommunene ikke avventer tilleggsanmodningen fra IMDi, men forbereder en sak for politisk behandling på bakgrunn av brevet fra statsråden, og svarer ut fra de vedtak som da fattes.

KS anbefaler at kommunene i sitt svar til statsråden også kommenterer i hvilken grad styrking av de økonomiske virkemidlene for bosetting og integrering av flyktninger vil kunne øke mulighetene for kommunene til en betydelig økning av bosettingskapasiteten i 2015 og 2016.

På bakgrunn av dette oppfordrer KS kommunene til å svare så konkret som mulig på hvor mange ekstra flyktninger kommunen kan si ja til i 2015 og 2016 ut over allerede fattet vedtak, samt hvilke rammebetingelser fra statens side som er forutsetninger for dette.

Sakshandsamar si vurdering

Kommunestyret gjorde i sak 059/14 vedtak om å busette 2 familiar i 1014, 10 flyktningar15, og 16.

I 2014 vart ingen busett. For 2015 har kommunen fått melding om å busette 3 familiar. Med familiegjenforeining vil kommunen med dette ligge over måltalet som var sett.

Busetjing av flyktningar er ei ny oppgåve som kommunen har teke på seg. Det vil ta ei tid å etablere gode ordningar som undervisning, arbeidspraksis, justering av hjelpeapparatet og tilgang til tenelege bustadar.

KS bed om at i kommune sitt svar til Statsråden kommenterar i kva grad økonomiske verkemiddel til busetting og integrering vil kunne auke mulegheitene til auka busettingskapasitet.

Selje kommune er ei grisgrendt kommune med store avstandar. Kommunen ynskjer primært å busette flyktningar i nær avstand til sentrumsfunksjonar. Kommunen har pr. dato ikkje eigne høvelege bustadar til føremålet. Der er få bustadar i den private leigemarknaden. Alternativet er å bygge nytt eller kjøpe brukte bustader. Begge desse alternativa er tidsmessig utfordrande i høve til å vere klare til innflytting i 2015. Kommunen sin konklusjon vil difor ikkje vere knytt mot økonomi.

Konklusjon

Kommunen har pr dato ikkje kapasitet til å ta imot fleire flyktningar enn det kommunen har gitt tilsagn om.

Saksgang

Formannskapet tilrår til Kommunestyret som gjer vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune har ikkje kapasitet til å ta imot fleire flyktningar enn det som er gjort vedtak om i KS-sak 05/14.

Handsaming i Formannskapet - 11.05.2015

7 voterande

Framlegg frå ordførar:

Bakgrunn:

Selje kommune har for 2015 fått melding om å busette 3 familiar. Det som er kjent når det gjeld storleiken på desse familiane er:

1. Kvinne med eit barn (har søkt om familiegjenforeining)
2. Kvinne med 8 barn
3. Mann med son (18 år) (har søkt om familiegjenforeining)

Dette tilseier at kommunen i 2015 skal ta i mot 13 flyktningar, og at det i tillegg er søkt om familiegjenforeining frå 2 av familiane.

Med bakgrunn i brev datert 23.04.2015 frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet som må ha svar innan 27. mai, og at det ikkje er møte i kommunestyret før 15. juni, vert vedtak i formannskapet gjort etter § 13 i Kommuneleva.

Vedtak:

Med bakgrunn i oppsett ovanfor har Selje kommune ikkje kapasitet til å ta i mot fleire flyktningar enn det som er gjort vedtak om i KS-sak 059/14.

Vedtaket er gjort etter § 13 i Kommuneleva.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster for.

Framlegg frå ordførar fekk 7 røyster for. Samrøystes

FS-039/15 VEDTAK

Bakgrunn:

Selje kommune har for 2015 fått melding om å busette 3 familiar. Det som er kjent når det gjeld storleiken på desse familiane er:

1. Kvinne med eit barn (har søkt om familiegjenforeining)
2. Kvinne med 8 barn
3. Mann med son (18 år) (har søkt om familiegjenforeining)

Dette tilseier at kommunen i 2015 skal ta i mot 13 flyktningar, og at det i tillegg er søkt om familiegjenforeining frå 2 av familiane.

Med bakgrunn i brev datert 23.04.2015 frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet som må ha svar innan 27. mai, og at det ikkje er møte i kommunestyret før 15. juni, vert vedtak i formannskapet gjort etter § 13 i Kommuneleva.

Vedtak:

Med bakgrunn i oppsett ovanfor har Selje kommune ikkje kapasitet til å ta i mot fleire flyktningar enn det som er gjort vedtak om i KS-sak 059/14.

Vedtaket er gjort etter § 13 i Kommuneleva.

Samrøystes.

Utskrift til:
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Rådmann
Kommunalsjef Helse og omsorg

